



Det er i dette området Møyfrid og Anders Kristoffersen helst vil byggja seg kårhus. Biletet er teke oppover dalen - mot Friheim og Fjellandsbø. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Fylkesmannens landbruksavdeling klagar no på vedtaket i kommunen om å gje dispensasjon slik at Møyfrid og Anders Kristoffersen på Musland får byggja kårhus ein annan stad enn på tunet - på Storhaug litt lenger oppe i dalen. Klagen er begrunna med at huset vil bli liggjande for langt frå tunet.**

Det strir mot fylkeslandbruksstyret i Hordaland sin strategi som tilseier at nye hus vert plassert som ein del av tunskipnaden, påpeikar landbruksavdelinga hos fylkesmannen.

Saka gjeld byggjing av hus nummer tre på eigedomen. Arealet der det er gjeve dispensasjon er i arealdelen i kommuneplanen lagt ut som LNF-område. Det er søkt om dispensasjon frå gjeldande planar og frå jordlova. Jorda er klassifisert som innmarksbeite. Det omsøkte arealet er ikkje dyrka i dag. Møyfrid og Anders ønskjer å få eit mindre og meir lettstelt kårhus, som seinare skal nyttast til utleige.

Landbruksavdelinga minnar om at plasseringa av huset ikkje er gunstig i forhold til vidare drift av jorda. Huset vil bli liggjande langt frå tunet og det er erfaring for at slike hus blir delt ifrå. Fylkeslandbruksstyret rår i strategien sin til at nye hus vert plassert som ein del av tunskipnaden og tilpassa dei eksisterande bygningane i huset. Dette vert vurdert som ein fordel både i høve til drifta på garden og av omsyn til landskapet.

Då saka vert handsama som ein dispensasjon frå plan- og bygningslova føreset landbruksavdelinga at huset ikkje er naudsynt av omsyn til drifta på garden.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det føreligg særlege grunnar for å gje dispensasjon.

Av Ola Matti Mathisen